

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 21/2021

Møtedato: 12.5.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

Tilsettingar og lokale forhandlingar

Dagleg leiar er i sak 10/11 delegert å føre forhandlingar og skrive under arbeidsavtale med tilsette som ikkje er omfatta av tariffavtale mellom Naturviterne og Norges fjellstyresamband. Fjellstyret har i sak 2/17 delegert til eit tilsettingsutval å gjera tilsettingar, unnateke er tilsettingar som er delegert til dagleg leiar. Utvalet består av styreleiar og nestleiar. Utvalet har også ansvar for lokale forhandlingar om lønns- og arbeidsvilkår for denne gruppa.

Ved tilsetting av fast tilsette fjelloppsyn har det likevel vorte til styret samla har vore med i tilsettingsprosessen. Det er ikkje ofte det skjer tilsetting av fjelloppsyn og det er fornuftig at heile styret er med. Sidan heile styret er med ved tilsetting, må fullmakt som tidlegare er delegert til tilsettingsutval endrast. Lønns- og arbeidsvilkår er i all hovudsak bestemt av tariffavtalen mellom Naturviterne og Norges fjellstyresamband. Eventuelle lokale forhandlingar for dei som er omfatta av tariffavtalen bør delegerast til styreleiar.

Framlegg til vedtak:

Ved tilsetting av fast tilsette fjelloppsyn skal heile styret vera med i tilsettingsprosessen. Eventuelle lokale forhandlingar om lønn- og arbeidsvilkår for tilsette omfatta av tariffavtale mellom Naturviterne og Norges fjellstyresamband blir delegert til styreleiar.

Vedtak:

Ved tilsetting av fast tilsette fjelloppsyn skal heile styret vera med i tilsettingsprosessen. Eventuelle lokale forhandlingar om lønn- og arbeidsvilkår for tilsette omfatta av tariffavtale mellom Naturviterne og Norges fjellstyresamband blir delegert til styreleiar.

Vedtaket er samrøystes.

Vestre Slidre fjellstyre den 14.5.21

Harald Ranum
sekretær

Utskrift:
Adminstrasjon